



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seniorrådgivar Greta I. Hanset, 71 25 86 33

Vår dato

23.01.2015

Dykkar dato

Vår ref.

2008/5840/GRHA/721.0

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

## Invitasjon til møte om Kompetanseløftet februar 2015

Tid: 25.februar 2015

Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde

Vi viser til St.meld.nr.25 - *Omsorgsmeldinga*, Omsorgsplan 2015, St.meld.nr.29 - Morgendagens omsorg og Kompetanseløftet 2015. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er ansvarleg for oppfølging av Kompetanseløftet 2015 når det gjeld mellom anna *tilskot til utdanningstiltak* i kommunane.

Det er etablert eit nasjonalt kompetanse- og innovasjonstilskot for kommunane frå inneverande år. Føremålet med dette tilskotet er å forenkle tilskotsforvaltninga, samstundes gjere tilskota meir oversiktlege, robuste og fleksible i tråd med kommunane sine behov. Dette vil det bli meir informasjon om på møtet.

Kommunane skal kvart år i planperioden rapportere om resultat- og plantal for utdanning av tilsette i omsorgssektoren via fylkesmannen til Helsedirektoratet innan 1. februar. Vi viser her til tidlegare utsendt informasjon.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015 (sjå vedlagt liste). Dette er praktisk av omsyn til søkeradsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen. Vi ber om at kommunen gjev melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

Vi inviterer difor kontaktpersonen og ein person til frå kvar kommune, til møte den 25.februar.

Møtet vil vere frå kl. 10.00 til 15.00 og det blir servert lunsj.

Påmelding innan 6.februar 2015 på fylkesmannen si [nettseite](#)

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)  
Ass. direktør

Greta I. Hanset  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

- 1 Program
- 2 Liste kontaktpersoner